
Framtidig tilbod av arbeidskraft med vidaregåande utdanning

Av: JORUNN FURUBERG

SAMANDRAG

Dersom framtidige generasjonar vel utdanning og tilpassing på arbeidsmarknaden slik tilsvarande personar gjorde i gjennomsnitt for åra 2002–2006, vil det bli færre i arbeidsstyrken fram mot 2030 som har vidaregåande utdanning som høgaste fullførte utdanning. Nedgangen vil først og fremst komma blant dei som har allmennfagleg utdanning, då fleire av desse vil halda fram med høgare utdanning. Det vil også bli færre med utdanning frå økonomiske og administrative fag, desse vil kunna bli erstatta av personar med høgare utdanning innan dette fagområdet.

I 2030 vil det vera fleire i arbeidsstyrken med byggfagleg utanning på vidaregåande nivå som høgaste fullførte utdanning. Det vil også vera fleire med utdanning som hjelpepleiarar, medan det vil bli færre med andre pleiefaglege utdanningar. Også for maskin- og mekaniske fag vil det vera en nedgang i arbeidstyrken samanlikna med situasjonen i 2007.

Sjølv om talet på personar i arbeidsstyrken med utdanning innan mange fagområde vil auka, er det uvisst korleis dette vil påverka tilbodet av arbeidskraft. Innan mange fagområde vil gjennomsnittsalderen auka sterkt, og dette vil redusera yrkesaktiviteten kraftig. Dersom eldre yrkesaktive arbeider færre timar enn yngre, vil dette kunna føra til ein reduksjon i arbeidstilbodet sjølv om arbeidsstyrken aukar. For å sikra nok tilgang på fagutdanna arbeidskraft i framtida, er vi avhengige av arbeidskrafta til dei eldre i yrkesaktiv alder. Det er også viktig for tilgangen av arbeidskraft i framtida at fleire unge gjennomfører vidaregåande utdanning.

INNLEIING

I tida fram mot 2030 vil folkemengda bli eldre. Færre yrkesaktive må sørgja for fleire pensjonistar. Også blant personar i yrkesaktiv alder vil det skje ei aldring. Tidlegare analyser har vist at det i framtida vil bli fleire med høgare utdanning og færre med utdanning frå vidaregåande nivå (sjå Furuberg 2009). Problemstillinga i denne artikkelen er å sjå på korleis arbeidsstyrken vil bli for ulike typar utdanning på vidaregåande nivå. Personar med høgaste fullført utdanning frå vidaregåande nivå utgjer den største utdanningsgruppa i arbeidsstyrken. I 2007 utgjorde denne gruppa om lag 44 prosent av arbeidsstyrken. Utviklinga i talet på personar med fullført vidaregåande utdanning er viktig med omsyn til tilgangen av fagutdanna arbeidskraft i framtida.

Utdanningar på vidaregåande nivå kan grovt delast i to grupper, dei som gir ei ferdig fagutdanning til eit yrke, og dei som gir elevane studiekompetanse. Dersom nedgangen i talet på personar med vidaregåande utdanning som høgaste fullførte utdanning i arbeidsstyrken kjem innan dei utdanningane som gir studiekompetanse, tyder dette at fleire med vidaregåande utdanning vil ta høgare utdanning. Dersom nedgangen kjem innan dei yrkesfaglege utdanningane,

kan det bli mangel på fagutdanna arbeidskraft i framtida.

Artikkelen byggjer på ei framskriving av folkemengda og arbeidsstyrken etter utdanning som blei presentert i Arbeid og velferd nr. 2/2009. Artikkelen prøver å gi svar på korleis tilbodet av arbeidskraft med utdanning på vidaregåande nivå vil bli i tida fram mot 2030, gitt at personane tilpasser seg slik som personar med tilsvarande karakteristika gjorde i gjennomsnitt for åra 2002–2006.

HØGARE UTDANNINGSNIVÅ I FOLKEMENGDA

Figur 1 viser framskriving av talet på personar i yrkesaktiv alder frå 2007 til 2030, etter utdanningsnivå. Talet på personar med grunnskole som høgaste utdanning vil halda seg stabilt, medan det vil vera ein kraftig auke i talet på personar med høgare utdanning. Ei nærare utgreiing om utviklinga i folkemengda og arbeidsstyrken fordelt på utdanningsnivå er å finna i Arbeid og velferd nr. 2/2009 (Furuberg 2009).

Data og metode

Data til modellen baserer seg på individdata for alle personar i alderen 16–74 år som var busette i Noreg per 1. november i åra 2002–2006. Data er henta frå Statistisk Sentralbyrå sitt System for persondata. Vi har data om høgste fullførte utdanning dette året, samt alder, kjønn og arbeidsmarknads-tilpassing. I tillegg har vi også data med opplysningar om utflytting og dødsfall.

Vi har teke utgangspunkt i kvinner og menn kvar for seg i eittårige aldersgrupper, og delt dei inn i 74 ulike utdanningsgrupper. Vi har så laga årlege overgangsratear frå kvar av desse gruppene til ny utdanning, samt til utflytting og dødsfall. Med ny utdanning meiner vi at personen blir registrert med ei ny fullført høgaste utdanning. Kvart år kjem det inn nye individ som er 16 år, samstundes som at dei som er 75 år går ut av modellen. Personar som er over 16 år og som er i ei årsfil, men ikkje i fila for året før, blir rekna som innflyttarar.

Modellen tar utgangspunkt i gjennomsnittet av dei årlege observerte overgangsrateane i åra 2002–2006. Med bakgrunn i desse overgangsrateane har vi framskrive folkemengda etter kjønn, alder og utdanning for kvart år fram til og med 2030. For kvart år har vi lagt til nye 16-åringar i samsvar med SSB sine framskrivingar av folkemengda, etter middelalternativet frå 2008.

Dette tyder at modellen baserer seg på at kvart kjønn og kvar aldersklasse, gitt den utdanninga dei har, vil fullføra ny utdanning frå år t til år t+1 på same måte som ein person med tilsvarande kjønn, alder og utdanning gjorde i gjennomsnitt for åra 2002–2006. Utvandring, innvandring og dødelegheit innan dei ulike kjønns-, alders- og utdanningsgruppene vil og følgja same mønster som gjennomsnittet for perioden 2002–2006. Sidan utdanningsinformasjonen er årlege opplysningar, har vi framskrive folkemengda per 1. januar i år t med bakgrunn i utdanningsdata for år t-1.

I perioden 2002–2006 var nettoinnvandringa mykje lågare enn det som er føreset i SSB sine framskrivingar av folkemengda etter middelalternativet i 2008. Vi har difor lagt til fleire innflyttarar kvart år, for å få folkemengda på nivå med SSB si framskriving. Dei “ekstra” innflyttarane er fordelt etter same kjønns-, alders- og utdanningsfordeling som observert for dei som flytta inn i vårt datamateriale i åra 2002–2006.

Når det gjeld tilpassing på arbeidsmarknaden har vi teke utgangspunkt i dei observerte tilpassingane i åra 2002–2006 for dei ulike kjønns-, alders- og utdanningsgruppene. Personar er definert som sysselsette i samsvar med SSB sin definisjon for sysselsetjing. Sidan vi har individdata for heile folkemengda, kan vi ikkje bruka arbeidsløysedata basert på arbeidskraftundersøkinga (AKU) til SSB for å få tal over arbeidsstyrken. Dette skuldast at AKU er ei utvalsundersøking. Vi har difor laga ei tilnærming til arbeidsstyrken ved å slå saman talet på sysselsette og talet på registrerte arbeidslause i dei ulike gruppene. Vår tilnærming vil gi ein arbeidsstyrke – og dermed og ein yrkesfrekvens - som er noko lågare enn arbeidsstyrken målt ved AKU, sidan den registrerte arbeidsløysa generelt er noko lågare enn arbeidsløysa målt ved AKU.

Tilpassinga på arbeidsmarknaden har vi framskrive ved å la personane i dei ulike kjønns-, alders- og utdanningsgruppene tilpassa seg slik dei i gjennomsnitt gjorde for åra 2002–2006. Framskrivinga av arbeidsmarknads-tilpassinga for 1. januar i år t, er rekna å vera den framskrivne tilpassinga per 4. kvartal i år t-1. Føresetnadane i modellen fører til at vi implisitt tar etterspurnaden etter arbeidskraft for gitt og lik etterspurnaden i åra 2002–2006.

I artikkelen har vi aggregert utdanningsgruppene til fem utdanningsnivå med utgangspunkt i høgaste fullførte utdanningsnivå i SSB sin utdanningsstatistikk, ny gruppering. I tillegg har vi ei gruppe med ukjent utdanning.

Grunnskolenivå: Utdanning til og med grunnskole, (nivå 1 og 2 i SSB sin utdanningsstatistikk.

Vidaregåande utdanning: Utdanning på nivå med fullført vidaregåande skole pluss utdanning på mellomnivå (nivå 3, 4 og 5).

Høgare utdanning, inntil 4 år: Universitets- og høgskole-utdanning, lågare nivå (nivå 6).

Høgare utdanning, over 4 år: Universitets- og høgskole-utdanning, høgare nivå (nivå 7).

Forskarutdanning: Forskarutdanning (nivå 8).

Ukjent utdanning: Ingen opplysningar om utdanning.

Faggrupper på vidaregåande nivå:

Allmenne fag: Inkluderer i tillegg til allmennfagutdanningane, også dei utdanningane frå musikk, dans og drama og idrettsfag som gir studiekompetanse.

Humanistiske og estetiske fag: Inkluderer alle utdanningar i denne gruppa eksklusive dei utdanningane innan musikk, dans og drama som er gruppert innan allmenne fag.

Økonomiske og administrative fag: Alle fag i denne faggruppa.

Elektrofag: Alle utdanningar innan elektrofag.

Maskin- og mekaniske fag: Alle utdanningar innan maskin- og mekaniske fag.

Rørleggjarfag: Alle utdanningar innan rørleggjarfag.

Tømrarfag: Alle utdanningar innan tømrarfag.

Bygg- og anleggsgfag: Alle utdanningar innan bygg- og anleggsgfag, eksklusive rørleggjarfag og tømrarfag.

Andre fag innan naturvitenskap, handverk og teknologi: Alle fag innan utdanningsgruppa naturvitenskap, handverk og teknologi eksklusive elektrofag, maskin- og mekaniske fag og byggfag.

Hjelpepleiefag: Alle hjelpepleiefag.

Pleie- og omsorgsfag: Alle pleie- og omsorgsfag eksklusive hjelpepleiefag.

Helse, sosial og idrettsfag: Alle helse, sosial og idrettsfag eksklusive pleie- og omsorgsfag og dei idrettsfaga som er gruppert under allmenne fag.

Primærnæringsfag: Alle utdanningar innan primærnæringsfag.

Samferdsels- og sikkerheitsfag og andre servicefag: Alle fag innan denne utdanningsgruppa bortsett frå politifag.

Andre fag: Alle andre fag på nivå 3, 4 og 5 bortsett frå politifag som er gruppert under høgare utdanning.

I 2007 hadde 41,9 prosent av folkemengda i yrkesaktiv alder vidaregåande utdanning. I 2030 vil dette gjelda 33,3 prosent. Talet på personar med høgaste fullførte utdanning på vidaregåande nivå vil auka i tida fram til 2017, for deretter å minka i perioden frå 2018 til 2030. I 2007 hadde i underkant av 1 404 000 personar i yrkesaktiv alder utdanning på dette nivået, i 2030 vil det vera i underkant av 1 362 000 personar, ein nedgang på 3 prosent. Når vi ser på utdanningsnivå, er gruppa med fullført vidaregåande utdanning den største utdanningsgruppa i folkemengda. Sjølv om prosentdelen av folkemengda med utdanning på vidaregåande nivå vil falla med om lag 9 prosentpoeng fram til 2030, vil denne utdanningsgruppa framleis vera den største.

Ei årsak til nedgangen i talet på personar med vidaregåande utdanning i tida framover, er at definisjonen av kva som er rekna som fullført utdanning på vidaregåande nivå varierer etter kva for tidsepoke ein har utdanninga si frå. Personar som har fullført utdanning etter at reform 94 blei innført, må i hovudsak ha fullført VK II¹ eller fagprøve for å reknast i denne gruppa. For personar som fullførte utdanning i perioden frå lov om vidaregåande opplæring blei innført på midten av 70-talet til reform 94 blei innført, må ha fullført minst VK I for å reknast i gruppa med vidaregåande utdanning. Vidaregåande utdanning frå tida før lov om vidaregåande opplæring blir rekna som fullført

vidaregåande utdanning uansett lengde på utdanninga. I tida fram mot 2030 vil dei som har vidaregåande utdanning frå tida før reform 94 utgjera ein minkande del av folkemengda i yrkesaktiv alder.


FÆRRE I ARBEIDSSTYRKEN MED VIDAREGÅANDE UTDANNING SOM HØGASTE FULLFØRTE UTDANNING

Arbeidsstyrken blir bestemt av storleiken på folkemengda i yrkesaktiv alder, samt yrkesdeltakinga. Kjønn, alder og utdanning er viktige variablar som påverkar yrkesaktiviteten. I tida fram mot 2030 vil det relativt sett bli færre yngre, og fleire eldre, i folkemengda. Dette vil føra til ein auke i talet på personar som har passert yrkesaktiv alder, men også blant dei mellom 16 og 74 år vil det finna stad ei aldring. Tabell 1 viser at gjennomsnittsalderen blant personar i yrkesaktiv alder i vår framskriving vil auka frå 42,7 år i 2007 til 43,6 år i 2030.

Figur 2 viser framskrive tal på personar i arbeidsstyrken etter høgaste fullførte utdanningsnivå. Frå 2007 til 2030 vil arbeidsstyrken i vår framskriving veksa frå om lag 2 433 000 i 2007 til om lag 2 831 000 i 2030,² ein auke på 16 prosent. I same tidsrom vil folkemengda i yrkesaktiv alder veksa med 22 prosent.


Taler på personar med høgaste fullførte utdanning på grunnskolenivå vil halda seg om lag konstant i perioden, medan det vil bli ein sterk vekst i talet på personar med høgare utdanning.

Figur 1:
Framskriving av folkemengda etter høgaste fullførte utdanningsnivå 2007-2030.



KJELDE: SSB OG NAV

Figur 2:
Framskriving av arbeidsstyrken etter høgaste fullførte utdanningsnivå, 2007-2030.



KJELDE: SSB OG NAV

¹ VK II er vidaregåande kurs 2, det vil seia tredje året på vidaregåande skole. VK I er vidaregåande kurs 1, det vil seia andre året på vidaregåande skole.

² I framskrivinga har vi definert arbeidsstyrken som summen av sysselsette og registrerte arbeidslause, jamfør avsnittet om Data og analyse. Dette fører til at arbeidsstyrken i framskrivingane blir noko mindre enn offisielle tal.

Dersom folkemengda vel utdanning og tilpassing på arbeidsmarknaden i tråd med det tilsvarande personar gjorde i gjennomsnitt for åra 2002–2006, vil det bli ein kraftig reduksjon i talet på personar med vidaregåande utdanning i arbeidsstyrken fram mot 2030. I 2007 var det om lag 1 079 000 personar i arbeidsstyrken med slik utdanning. I åra framover vil dette talet bli redusert, slik at det i 2030 vil bli i overkant av 960 000 yrkesaktive med utdanning på vidaregåande nivå. Dette svarer til ein nedgang på 11 prosent.

Nedgangen skuldast både at færre i yrkesaktiv alder vil ha utdanning frå vidaregåande nivå som høgaste fullførte utdanning, og at dei personane som har slik utdanning vil bli eldre og dermed mindre yrkesaktive. Tabell 1 viser at gjennomsnittsalderen blant personar i yrkesaktiv alder med høgaste fullførte utdanning på vidaregåande nivå, vil auka frå 44,9 år til 45,9 år frå 2007 til 2030.

FÆRRE MED HØGSTE FULLFØRTE UTDANNING INNAN ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE FAG OG ALLMENNE FAG

Figur 3 viser arbeidsstyrken i 2007 og 2030 etter høgaste fullførte utdanning innan dei ulike fagområda på vidaregåande nivå. Vi ser at det i 2030 vil vera langt færre i arbeidsstyrken med økonomisk og administrativ utdanning. I 2007 var det om lag 186 000 med slik utdanning i arbeidsstyrken, i 2030 vil dette talet vera redusert til i overkant av 103 000, ein nedgang på 45 prosent. Årsaka til dette er dels at det blir færre i yrkesaktiv alder med slik utdanning, men også at gjennomsnittsalderen på dei i yrkesaktiv alder med slik utdanning aukar sterkt. Tabell 1 viser at gjennomsnittsalderen på personar i yrkesaktiv alder med økonomisk og administrativ utdanning er 50,7 år i 2030, ein auke på 2,9 år i høve til 2007. Ei årsak til denne utviklinga er utbygginga av ulike studietilbod innan økonomisk og administrativ utdanning på høgare nivå. Dette har ført til at mange har valt å ta høgare utdanning innan denne fagretninga dei siste tiåra.

I 2030 vil det vera 20 prosent færre i arbeidsstyrken som har utdanning innan allmenne fag som høgaste fullførte utdanning, samanlikna med i 2007. I 2007 var det i overkant av 270 000 personar med slik utdanning i arbeidsstyrken. Dette talet vera redusert til litt over 217 000 i 2030. Dette tyder på at i tida framover vil fleire som har allmenne fag frå vidaregåande nivå halda fram med høgare utdanning etter vidaregåande. Blant gruppa med allmenne fag frå vidaregåande som høgaste fullførte utdanning, vil gjennomsnittsalderen i folkemengda falla frå 43,8 år i 2007 til 40,6 år i 2030. Mange eldre med allmennfagleg utdanning vil passera yrkesaktiv alder fram mot 2030, og dei unge vil utgjera ein større prosentdel av dei med

Tabell 1:
Framskrivne gjennomsnittsalder i folkemengda 16–74 år etter type utdanning, personar med høgaste fullførte utdanning på vidaregåande nivå, 2007 og 2030.

	2007	2030
Allmenne fag	43,8 år	40,6 år
Humanistiske og estetiske fag	41,1 år	39,8 år
Økonomiske og administrative fag fag	47,8 år	50,7 år
Elektrofag	42,8 år	46,4 år
Maskin- og mekaniske fag	44,7 år	49,4 år
Rørleggjarfag	39,9 år	45,5 år
Tømrarfag	39,5 år	44,3 år
Bygg og anlegg, ekskl røyr og tømarar	44,6 år	48,5 år
Andre fag innan naturvitskap, teknologi og handverk	45,5 år	47,6 år
Hjelpepleiefag	43,4 år	48,6 år
Pleie- og omsorgsfag, ekskl hjelpepleie	47,9 år	51,0 år
Helse, sosial og idrettsfag, ekskl pleie og omsorgsfag	44,5 år	45,8 år
Primærnæringsfag	47,7 år	49,2 år
Samferdsel, sikkerheit og service	48,0 år	46,1 år
Andre fag på nivå 3, 4 og 5	36,5 år	37,5 år
Sum vidaregåande nivå	44,9 år	45,9 år
Gjennomsnitt for folkemengda i yrkesaktiv alder	42,7 år	43,6 år

KJELDE: SSB OG NAV

allmennfag frå vidaregåande som høgaste fullførte utdanning. Truleg vil ein større del av arbeidsstyrken i denne utdanningsgruppa vera studentar som har deltidsarbeid.

Færre yrkesaktive med utdanning innan maskin- og mekaniske fag

I arbeidsstyrken vil det i 2030 bli litt over 17 000 færre personar med utdanning frå maskin- og mekaniske fag, samanlikna med situasjonen i 2007. I 2007 var det i underkant av 119 000 personar med slik utdanning i arbeidsstyrken, medan dette talet vil vera redusert til litt i overkant av 101 000 i 2030. Blant personar i denne utdanningsgruppa vil gjennomsnittsalderen auka frå 44,7 år i 2007 til 49,4 år i 2030. Årsaka til at det blir færre i arbeidsstyrken med utdanning innan maskin- og mekaniske fag i denne

framskrivinga er at mange som har slik utdanning blir eldre og mindre yrkesaktive.

Det vil også vera langt færre personar i arbeidsstyrken med utdanning innan primærnæringsfaga i 2030, samanlikna med situasjonen i 2007. I 2030 vil det vera i overkant av 25 000 personar i arbeidsstyrken med utdanningar innan primærnæringsfaga. Dette svarer til ein nedgang på 32 prosent. Også blant personar med utdanning innan primærnæringsfag aukar gjennomsnittsalderen, frå 47,7 år i 2007 til 49,2 år i 2030. Denne utviklinga heng saman med nedgangen i sysselsetjinga innan primærnæringsfagane dei siste tiåra.

Fleire i arbeidsstyrken med utdanning frå byggfaga

Fleire i arbeidsstyrken vil ha utdanning frå byggfaga i 2030 samanlikna med i 2007. Samla vil talet på personar med byggfagleg utdanning på vidaregåande nivå som høgaste fullførte utdanning, auka med 24 prosent i perioden. Særleg vil det bli ein auke i talet på tømrarar, frå i underkant av 32 000 i 2007 til om lag 45 000 i 2030. Dette svarer til ein auke på 43 prosent. Gjennomsnittsalderen på personar med tømrarutdanning vil auka frå 39,5 i 2007 til 44,3 i 2030. Årsaka til at det blir fleire tømrarar i arbeidsstyrken er først og fremst at det vil bli ein kraftig auke i talet på personar med slik utdanning. I 2007 var det om lag 11 000 personar med røyrlleggjarutdanning i


arbeidsstyrken. Dette talet vil auka med 33 prosent til om lag 14 700 i 2030, sjølv om gjennomsnittsalderen for personar med røyrlleggjarfagleg utdanning vil auka frå 39,9 år i 2007 til 45,5 år i 2030.

I 2007 var det om lag 75 000 personar i arbeidsstyrken med elektrofag på vidaregåande nivå som høgaste fullførte utdanning. I 2030 vil det vera om lag like mange i denne gruppa. Det vil bli ein auke i talet på personar i yrkesaktiv alder med utdanning innan elektrofag, men samstundes vil gjennomsnittsalderen i denne gruppa auka frå 42,8 år i 2007 til 46,4 år i 2030. Fleire eldre i denne utdanningsgruppa vil føra til lågare yrkesaktivitet, og dermed vil ikkje arbeidsstyrken med slik utdanning auka.

Fleire hjelpepleiarar, men færre med andre pleieutdanningar

I 2030 vil det vera 20 000 fleire i arbeidsstyrken med utdanning som hjelpepleiar, samanlikna med 2007. Dette er ein auke på 53 prosent. Gjennomsnittsalderen på hjelpepleiarar vil auka frå 43,4 år i 2007 til 48,6 år i 2030. Sjølv om talet på hjelpepleiarar i arbeidsstyrken aukar, vil det bli færre i arbeidsstyrken med andre utdanningar innan pleie og omsorgsfaga. Frå 2007 til 2030 vil talet med slik utdanning som er i arbeidsstyrken reduserast frå 21 000 til 18 700. Denne utdanningsgruppa vil ha ein gjennomsnittsalder på 51 år i 2030, ein auke på 2,2 år frå 2007. Innan pleieyrka er det vanleg med deltidsarbeid. Den høge gjennomsnittsalderen blant personar med pleieutdanningar kan føra til at vi får eit lågare arbeidstilbod blant dei som er yrkesaktive i 2030. I tida framover vil ei aldrende folkemengd auka etterspurnaden etter helse- og pleietenester. Texmoen og Stølen (2009) har gjort ein analyse av arbeidsmarknaden for helse- og sosialpersonell fram mot år 2030. Denne analysen viser at vi kan få ei underdekning av helsefagarbeidarar med utdanning på vidaregåande nivå fram mot 2030.

Figur 3:
Framskriven arbeidsstyrke i 2007 og i 2030 innan utdanningsgrupper for personar med høgaste fullført utdanning på vidaregåande nivå.




NEDGANG I YRKESAKTIVITETEN I ALLE UTDANNINGSGRUPPER

Figur 4 viser framskriven yrkesdeltaking innan ulike utdanningsgrupper i 2007 og 2030. Figuren viser at yrkesdeltakinga vil vera lågare innan alle utdanningsgrupper på vidaregåande nivå i 2030 samanlikna med situasjonen i 2007, gitt dei føresetnadane vi har lagt til grunn for denne framskrivinga. Samla blant personar med utdanning på vidaregåande nivå vil yrkesaktiviteten vera 6,3 prosentpoeng lågare i 2030 enn i 2007. Blant alle i yrkesaktiv alder vil yrkesdeltakinga falla med 3,4 prosentpoeng i same periode. Ei årsak til at yrkesaktiviteten vil bli redusert, er at gjennomsnittsalderen på personar med vidaregåande

utdanning vil auka sterkt i utdanningsgrupper som har høg yrkesdeltaking i 2007. Blant personar med økonomisk og administrativ utdanning vil yrkesdeltakinga falle med over 13 prosentpoeng frå 2007 til 2030. Innan utdanningsgruppa maskin- og mekaniske fag vil yrkesdeltakinga bli redusert med 12,5 prosentpoeng, frå 83,9 prosent i 2007 til 71,4 prosentpoeng i 2030. Blant personar med utdanning innan rørleggjarfag, som i 2007 hadde ei yrkesdeltaking på 90,1 prosent, vil yrkesdeltakinga i 2030 vera redusert til 80,2 prosent i 2030. Blant hjelpepleiarar vil yrkesdeltakinga falla frå 83,7 prosent i 2007 til 73,9 prosent i 2030.

Figur 4:
Framskriven yrkesdeltaking innan ulike utdanningsgrupper, personar i alderen 16–74 år med høgaste fullførte utdanning på vidaregåande nivå. 2007 og 2030.



FRAMTIDIG TILGANG AV ARBEIDSKRAFT MED VIDAREGÅANDE UTDANNING

Framskrivinga viser at det samla vil bli ein nedgang i talet på personar i arbeidsstyrken med høgaste fullførte utdanning på vidaregåande nivå. Nedgangen vil først og fremst koma innan allmenne fag og økonomiske og administrative fag. Ein nedgang i talet på personar med allmenne fag som høgaste fullførte utdanning i arbeidsstyrken, tyder på at fleire med studiekompetanse vil halda fram med høgare utdanning. Arbeidskraft med vidaregåande utdanning innan økonomiske og administrative fag kan bli erstatta av personar med høgare utdanning innan dette fagfeltet. Når det gjeld dei andre yrkesfaga, vil det bli vekst i talet på personar i arbeidsstyrken innan mange av

fagområda. Særleg vil det bli ein auke i talet på personar i arbeidsstyrken med utdanning innan ulike byggfag. Det vil også bli ein auke i talet på hjelpepleiarar, medan det vil bli ein nedgang i talet på personar med andre pleieutdanningar på vidaregåande nivå.

Felles for dei fleste fagområda er at det vil skje ei sterk aldring innan dei ulike utdanningsgruppene. I vår framskriving har vi sett på yrkesaktivitet. Tilbodet av arbeidskraft er også avhengig av kor mange timar dei yrkesaktive arbeider. Dersom eldre arbeidstakarar arbeider færre timar enn yngre arbeidstakarar, kan det bli ein reduksjon i arbeidstilbodet sjølv om yrkesdeltakinga aukar.

I denne artikkelen har vi lagt til grunn at personar, gitt kjønn, alder og utdanning, vil velja utdanning på same måte som ein tilsvarande person gjorde i gjennomsnitt for åra 2002–2006. Vidare har vi lagt til grunn at personar, gitt kjønn, alder og utdanning, vil tilpassa seg slik på arbeidsmarknaden som ein tilsvarande person gjorde i gjennomsnitt for desse åra. Både val av utdanning og tilpassing på arbeidsmarknaden blir avgjort av mange tilhøve. Etterspurnaden etter ulike typar utdanna arbeidskraft vil vera ein viktig faktor som vi ikkje har analysert i denne artikkelen.

Den nye pensjonsordninga, som vil gjera det lønsamt for dei fleste å vera yrkesaktive i fleire år, vil kunna føra til at yrkesaktiviteten blant dei eldre i arbeidsstyrken aukar. Arbeidslivet vil bli avhengig av at dei eldre er meir yrkesaktive, noko som vil kunne auke etterspurnaden etter eldre arbeidstakarar i tida framover.

Det å få fleire unge til å fullføra vidaregåande utdanning er og eit potensiale for å auka tilbodet av fagutdanna arbeidskraft. I 2030 vil det vera om lag like mange i folke- mengda utan vidaregåande utdanning som i 2007. Samstundes må ein rekna med at det vil bli mindre behov for arbeidskraft utan utdanning utover grunnskolen.

REFERANSAR:

Furuberg, Jorunn (2009), “Tilbodet av arbeidskraft etter utdanning 2007–2030”, *Arbeid og velferd 2/2009*, NAV.

SSB (2006): Den individbaserte utdanningstatistikken. Dokumentasjon 2005.

SSB (2008): Brunborg, Texmoen og Pettersen. “Nye befolkningsframskrivinger” i *Økonomiske analyser 3/2008*.

Texmoen, Inger og Stølen, Nils Martin (2009): *Arbeidsmarkedet for helse- og sosialpersonell fram mot år 2030*.